

Utdanningspolitisk program

Sist vedteke av landsmøtet til Lektorlaget for 2025

1. Faga ber skulen

Solid fagleg forankring er ein føresetnad for å utvikle forståing og djupnelæring og må derfor stå sentralt heilt frå skulestart. Tydeleg fagleg og metodisk progresjon sikrar elevane betre læring og betre læringsmiljø og reduserer fråfall.

NORSK LEKTORLAG MEINER:

1.1 Tileigning av fagkunnskap er den første og viktigaste byggjesteinen i elevane si utvikling av kompetanse. Fagleg utforsking, samanlikning og drøfting må byggje på fagkunnskap. Det er opp til kvar enkelt faglærer sitt profesjonelle skjønn å vurdere om, når og korleis ein skal jobbe med kunnskapstileigning kontra utforsking.

1.2 Dei ulike skuletrinna og skuleslaga, frå barnetrinnet via ungdomsskulen til fullført vidaregåande skule og vaksenopplæring, må få rom til å utvikle eigenarten sin gjennom tilpassa mål og arbeidsmåtar.

1.1.3 Fellestid i skulen skal hovudsakleg gå til fagleg utviklingsarbeid og profesjonsfagleg samarbeid på faglærarane sine premisser. Kollegialt samarbeid mellom faglærarar styrkjer skulekvaliteten og bør enkelt kunne gjennomførast digitalt og på tvers av skular og skuleslag òg.

1.4 Læreplanane og vurderingsordningane for skulefaga må tydeleg definere forventa progresjon og fagleg nivå gjennom klare mål for opplæringa i heile skuleløpet. For å sikre at alle elevar får lære det dei treng, bør moglegheitene for fleksibel og differensiert progresjon utnyttast.

1.5 Skal alle elevar ha føresetnader som gir dei utbytte av å følgje opplæringa i vidaregåande skule, trengst det differensierte opptakskrav og poenggrenser for ulike studieretningar. Særleg viktig er det å innføre ei poenggrense for opptak til studieførebuande løp. Elevar utan dei nødvendige faglege føresetnadene må få tilbod om eit tilpassa studieprogram eller eit ekstra førebuingår.

1.6 I vidaregåande skule må både yrkesfaglege og studieførebuande program i større grad kunne bidra til eit variert skuletilbod ved å få utvikle eigenarten sin. Lektor 2-ordninga, der fagpersonar frå arbeidslivet deltek i å utarbeide læreplanretta undervisningsopplegg, bør utvidast til fleire fag enn realfag.

1.7 Elevar på studiespesialiserande og andre studieførebuande program må førebuast betre til vidare studium. Rammevilkår som finansiering frå skuleeigar, tilgang på kvalifiserte lærekrefter, elevar sitt faglege nivå ved programstart og kontakten med academia må betrast.

1.8 Skal yrkesfag vere attraktivt, må samfunnet sørgje for nok læreplassar og eit undervisningspersonale som både har fagutdanning, pedagogisk utdanning og arbeidserfaring frå fagretninga dei underviser i. Elevar i arbeidslivspraksis skal følgjast opp av ein fagleg kompetent lærar i tett samarbeid med verksemda.

1.9 Fleire elevar med fagbrev som ønskjer vidare utdanning innanfor fagfeltet sitt, bør få høve til å velje det yrkesfaglege løpet for høgare utdanning (Y-vegen).

2. Tid til undervisning

Undervisning er kjerneoppgåva til skulen. Byråkrati, nye vurderingsformer, heterogene elevgrupper og læringsressursar av ujamn kvalitet gjer det stadig meir tidkrevjande å gi god undervisning. For å sikre nok tid til dette, må undervisningsomgrepet definerast tydeleg, og elevane må få årstimetalet dei har krav på.

NORSK LEKTORLAG MEINER:

2.1 Det må vere opplæringslova og ikkje skuleeigar som definerer undervisningsomgrepet, slik at aktivitetar utanfor faglærar sitt pedagogiske opplegg ikkje kan erstatte undervisning.

2.2 Undervisning er ein lektor eller lærar si opplæring av, og sitt arbeid saman med, elevar, som tek utgangspunkt i læreplanen for faget, er ein del av det pedagogiske opplegget til undervisaren, medfører for- og/eller etterarbeid og dannar grunnlag for vurdering i faget.

2.3 Skuleleiinga skal sørgje for at kvar enkelt pedagogisk tilsett får nok tid til undervisning, for- og etterarbeid og fagleg oppfølging av kvar elev. Kontaktlæraren må sjølv få styre tida for å følgje opp elevane.

2.4 Skulen må haldast ansvarleg for at elevane får årstimetalet dei har krav på i kvart enkelt fag, gjennom undervisning utført av kvalifisert undervisningspersonale. Dette må dokumenterast, og det må i planlegginga takast høgd for forventa timebortfall på grunn av eksamen o.l.

2.5 Skuleleiinga skal ikkje ta timar frå skulefag til aktivitetar og prosjekt som faglæraren ikkje kan innpasse i undervisninga i tråd med læreplanen.

2.6 Statlege styresmakter må i samarbeid med profesjonen utvikle digitale verktøy, med kunstig intelligens òg, som kan vere ei støtte for undervisnings- og vurderingsarbeid. Målet med slikt arbeid må vere å auke kvaliteten på undervisninga.

Fjern tidstjuvar og byråkrati

Lektorar og lærarar bør bruke størstedelen av tida si til undervisningsretta arbeid. Mykje rapportering og dokumentasjon i skulen er unødvendig. Bruk av digitale verktøy må kunne lette arbeidskvardagen.

NORSK LEKTORLAG MEINER:

2.7 Ved alle nye rapporteringskrav eller oppgåver skal tidsbruken til faglæraren vurderast, saman med kva andre oppgåver som skal reduserast. Skriftleg rapportering bør gjerast av administrativt personale.

2.8 Som hovudregel skal munnlege tilbakemeldingar til elevane vere tilstrekkeleg. Skriftleg tilbakemelding må vere opp til kvar enkelt undervisar.

2.9 Lektorar og lærarar skal normalt ikkje utføre oppgåver som tilhøyrrer andre profesjonar eller yrkesgrupper, som t.d. helsesjukepleiaren, sosiallæraren, minoritetsrådgivaren, reinhaldsarbeidaren, vaktmeisteren, IT-tilsette eller administrativt personale.

2.10 Utstyr og IT-system må dimensjonerast og driftast slik at undervisningspersonalet kan arbeide effektivt. Systema til arbeidsgivaren må kommunisere med kvarandre, slik at læraren får tid til faga og elevane sine.

3. Ein demokratisk og open skule

Dei tilsette i skulen har vid og omfattande ytringsfridom om forholda i skulen. Norsk Lektorlag vil ha større openheit i og om skulen.

NORSK LEKTORLAG MEINER:

3.1 Lektorar og lærarar skal modellere dei viktigaste ideala i demokratiet vårt, og skal stå fritt til å synleggjere ulike perspektiv på både historie, samfunnsspørsmål og faglege debattar, så lenge dei vurderer at dette fremjar formålet med opplæringa. Det å bli eksponert for slike perspektiv bør ikkje objektivt tolkast som krenkjande.

3.2 For å sikre ytringsfridom må det i skulen vere rom både for å misforstå og for å bli misforstått. Viss elevar reagerer på noko ein lærar har sagt, må leiinga leggje til rette for at konflikten blir løyst på lågast mogleg nivå.

3.3 Skuleeigaren og skuleleiinga bør oppmuntre tilsette til å delta i den offentlege debatten. Dei tilsette i skulen kan fritt snakke om skulepolitikk og forhold ved skulen som ikkje er teiepliktige, når dei ikkje ytrar seg på vegner av arbeidsgivaren. Arbeidsgivaren kan ikkje generelt krevje bruk av tenesteveg før tilsette uttaler seg offentleg.

3.4 Lektoren har ei profesjonell plikt til å bidra med eigne faglege vurderingar og til sakleg opplysning i offentlegheita om kvardagen i skulen. Ei slik plikt strir ikkje mot lojalitetsplikta til arbeidstakaren.

3.5 Det skal vere openheit for allmenta om dagleg drift, planar, undervisningskompetanse, resultat og eksterne relasjonar ved kvar enkelt skule. Informasjon om undervisaren si utdanning og faglege fordjuping skal òg vere ope tilgjengeleg.

3.6 Personvern og personleg integritet må varetakast for både tilsette og elevar.

4. Kompetente lærarar til alle

Lektoren har ei avgjerande rolle i læringsprosessen til elevane. Lektorar og lærarar med høg fagleg kompetanse gir betre elevprestasjonar og bidreg til sosial mobilitet hos elevane. Elevar fortener lærarar med fagleg fordjuping i faga dei underviser i. Derfor må lektor- og lærartitlane vernast, og norsk skule må få kompetansekrav på alle trinn i alle fag. Bruk av digitale verktøy i skulen føreset kompetente lærarar som kan vurdere og avgjere kva som er formålstenleg bruk, gitt formålet med skulen.

NORSK LEKTORLAG MEINER:

4.1 Alle elevar må ha rett til kvalifisert lærar. Moglegheita som opplæringslova gir til å tilsetje mellombels, må fjernast.

4.2 Lektor- og lærartitlane må vernast og innføring av ei sertifiseringsordning vurderast.

4.3 Noreg treng ein forpliktande langtidsplan for høgare kompetansekrav i skulen.

4.4 Kompetansekrava bør svare til nivået til faget. I grunnskulen bør alle undervisarar ha minst eitt års fagleg fordjuping (60 studiepoeng) i undervisningsfaga sine.

4.5 I vidaregåande skule må dagens krav om 60 studiepoeng omfatte alle lærarar.

4.6 Lektorar og lærarar som blir sette til å undervise i fag der dei manglar fordjuping, må få rett til nødvendig vidareutdanning innan eitt år. Som eit langsiktig mål bør alle som underviser i programfag, og etter kvart alle undervisarar i vidaregåande, ha minst 90 studiepoeng fordjuping i undervisningsfaget. Vidareutdanningssystemet og lektorprogramma må utviklast i tråd med dette.

4.7 Lektorar med mastergrad eller hovudfag skal som hovudregel tildelast undervisning i hovudfaget sitt. Relevant fagkompetanse i undervisningsfaget skal føretrekkjast. Det skal vere samsvar mellom læraren si faglege fordjuping og undervisningsfaga.

4.8 Rektor si vurdering av kva som er relevant undervisningskompetanse, må kvalitetssikrast gjennom nasjonale retningslinjer.

4.9 Lektorar og lærarar må sjølv avgjere bruk av digitale verktøy i faga sine, for elevane sine.

Etter- og vidareutdanning

Elevane og samfunnet treng oppdaterte lektorar og lærarar. Offentlege skuleeigarar er forplikta til å kartleggje og planleggje behovet for kompetanseutvikling. Lektorar og lærarar har like stort behov for jamleg fagleg oppdatering som i ei rekkje andre yrke der dette er lovpålagt. Alle i skulen må bli tilbydde relevant etter- og vidareutdanning på fagleg tilfredsstillande nivå.

NORSK LEKTORLAG MEINER:

4.10 Lektorar og lærarar må få forskriftsfesta rett til årleg etterutdanning som er relevant for den faglege vidareutviklinga deira.

4.11 Lektorar og lærarar må få forskriftsfesta rett til relevant vidareutdanning kvart femte år.

4.12 Tilsette må få lønt permisjon i samsvar med studiebelastninga i vidareutdanninga.

4.13 Eit nasjonalt tilsyn med opplæringslova må gjennomførast for å avdekkje kva skuleeigarar som faktisk tilbyr etter- og vidareutdanning med fagleg innhald.

4.14 Vidareutdanningstilbod må halde god kvalitet og organiserast slik at etter- og vidareutdanninga kan kombinerast med jobben som lektor eller lærar.

4.15 Etterutdanning må vareta dei ulike profesjonsfaglege behova hos lektorar og lærarar i grunnskulen og vidaregåande skule.

4.16 Faglege etter- og vidareutdanningstilbod bør inkludere korleis digitale verktøy, inkludert kunstig intelligens, kan brukast som læringsstøtte for elevane.

4.17 Faglæraren har eit sjølvstendig profesjonelt ansvar for å etterspørje nødvendig etter- og vidareutdanning og for å halde seg oppdatert på eige fagområde, innanfor rammene i arbeidstidsavtalen.

Karrierevegar

Ein god skule er avhengig av at lektorar og lærarar får utvikle seg som undervisarar gjennom heile yrkeskarrieren. Fagkompetansen hos undervisningspersonalet gir meirverdi i alle delar av grunnopplæringa. Det må finnast faglege karrierevegar i skulen, ikkje berre administrative.

NORSK LEKTORLAG MEINER:

4.18 Lektorar og lærarar i framandspråk og engelsk må jamleg få tilbod om relevant etterutdanning i utlandet, betalt og tilrettelagd av arbeidsgivar, eventuelt gjennom stipendordning.

4.19 Faglærarar som ikkje har tilgang på relevant og nødvendig fagkompetanse i Noreg, bør få dette i utlandet, som etter- eller vidareutdanning.

4.20 Det må utviklast eit heilskapleg system i skulen, med faglege karrierevegar som ikkje leier ut av klasserommet. Arbeidsforholda og lønnssystemet må gjere det mogleg å rekruttere og behalde dei beste lærarane og lektorane i klasserommet.

4.21 Felles nasjonale rammer for spesialiserte funksjonar eller roller i skulen må etablerast, der forventningane til desse står i samsvar med tidsressursen som er avsett. Arbeidsgivaren skal leggje til rette for at spesialisten, ved sida av den ordinære undervisninga, får bidra til kompetanseheving saman med kollegaene.

4.22 Det må innførast fleire kombinerte stillingar mellom grunnopplæringa og universitets- og høgskulesektoren. Ein «lektor-doktorgrad» vil heve skulekvaliteten, auke statusen til læraryrket og gi meir klasseromsforskning av høg kvalitet.

4.23 Skulen bør bli ein attraktiv arbeidsplass for lektorar med doktorgrad. Dette vil gi skulane fleire lektorar med spesialkompetanse og bidra til meir praksisnær skuleforskning.

5. Høgare utdanning

Kvalitet må stå sentralt i heile universitets- og høgskulesektoren. Høgare utdanning i Noreg skal halde høg internasjonal standard. Framifrå undervisning må anerkjennast betre i akademia.

NORSK LEKTORLAG MEINER:

5.1 Innhaldet i undervisninga i høgare utdanning skal halde høgt internasjonalt nivå. Det bør vere openheit om kvalitet og kvalitetsavvik ved studiestaden, og informasjon om dette bør vere lett tilgjengeleg for studentane og offentlegheita.

5.2 Samarbeidet mellom høgare utdanningsinstitusjonar og studieførebuande utdanningsprogram må styrkjast gjennom etablering og utvikling av gode strukturar. Arbeidet for å sikre kvalitet i høgare utdanning bør koplust opp mot kvalitetssikringa av dei studieførebuande programma i skulen.

5.3 Gode undervisarar må anerkjennast gjennom krav til utdanningsfagleg kompetanse og karrieremoglegheiter som t.d. meritteringsordningar og delte stillingar.

5.4 Praksis i høgare utdanning skal ha eit klart definert læringsutbytte.

5.5 Det bør bli ei prioritert oppgåve for universitet og høgskular og vidaregåande skular å samarbeide om å utvikle forsvarlege vurderingsformer i skulen. Dette er særskilt viktig når bruk av kunstig intelligens fordrar ei ny bevisstgjerings av kva undervisning kan og bør vere.

Lektor- og lærarutdanningane

Den samfunnsbyggjande rolla til skulen og betydninga lektoren har for kvaliteten i skulen, gjer det vesentleg å halde fram med å heve krava til kvalitet ved lektor- og lærarutdanningane.

NORSK LEKTORLAG MEINER:

5.6 Lektorutdanninga og grunnskulelærarutdanninga skal vere forskningsbasert, ha hovudvekt på undervisningsfaga og gi reelt høve til god fagleg fordjuping. Utdanning i faga i skulen skal ligge tett opptil vitenskapsfaga til universiteta.

5.7 Det bør vere høge opptakskrav til all lærarutdanning. I faga ein ønskjer å studere og undervise i, bør det minst forventast middels høgt nivå.

5.8 Lektorprogramma må få dei same økonomiske insentiva som lærarutdanningane, og all lærarutdanning skal vurderast jamleg gjennom eit nasjonalt kvalitetssikringssystem.

5.9 Det er bra for elevane at lærarutdanningane no er heva til masternivå. For å synleggjere skilnadene i akademisk profil og graden av fagleg fordjuping for dei ulike lærarutdanningane, bør masterkandidatar frå grunnskulelærarutdanninga få tittelen grunnskulelærer, medan titlane lektor og lektor med tillegg bør bli brukte om kandidatar med fagleg fordjuping frå lektorprogramma og praktisk-pedagogisk utdanning. Lektorar med doktorgrad bør få eigen tittel.

5.10 God kontakt mellom lærarutdannarane og lærarar i praksisfeltet er ein nøkkelfaktor for betre kvalitet i utdanningane. Lærarutdannarane bør sjølve jamleg undervise i skulen på dei trinna dei utdannar kandidatar til.

5.11 Praksislærarar bør ha minst fem års undervisningserfaring og hovudfags- eller masternivå i det aktuelle faget.

5.12 Det skal vere obligatorisk for studentane å delta i den faglege fellesskapen til praksisskulen, m.a. for å kunne få erfaring med skule-heim-samarbeid og samarbeid med andre profesjonar.

5.13 Kunnskap om bruk av digital læringsanalyse bør inngå i alle lektor- og lærarutdanningar.

5.14 Alle lektor- og lærarutdanningar må undervise i korleis digitale verktøy kan brukast som læringsstøtte, basert på elevane si faglege og kognitive modning, og på eigenarten i faga. Studentane må setjast i stand til å omgåast verktøya på ein kritisk og medviten måte.

Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU)

Mastergrad kombinert med PPU er den viktigaste vegen til ein yrkeskarriere i skulen for akademikarar og andre profesjonar med og utan yrkeserfaring, og PPU-studiet bør derfor få større nasjonal merksemd.

NORSK LEKTORLAG MEINER:

5.15 PPU-studia bør få større nasjonal merksemd. Kvaliteten på PPU-programma ved universitet og høgskular må inn i eit nasjonalt kvalitetssikringssystem.

5.16 Det bør prøvast ut ei lønt turnusordning der den tilsette tek teori på universitet eller høgskule, som erstatning for dagens PPU. Målet er å gi betre praksisordningar og utvikle samarbeidet mellom praksisskulane og UH-sektoren.

6. Profesjonell skuleleiing

Gode skuleleiarar har skulefagleg og pedagogisk bakgrunn, tilset høgt kvalifiserte lektorar og lærarar, og baserer utviklingsarbeidet på vurderingane til faglærarane. Tiltak som ikkje kan knytast direkte til fag, må effektmålast og evaluerast kritisk.

NORSK LEKTORLAG MEINER:

6.1 Det er skuleleiinga sitt ansvar at læringsaktivitetane til elevane blir leidde av kvalifiserte undervisarar.

6.2 Den viktigaste oppgåva til skuleleiinga er å rekruttere, behalde og vidareutvikle ein stab av høgt kvalifiserte lektorar og lærarar. Utlysing eller nyttilsetjing av lærarar utan mastergrad skal grunngivast fagleg, ikkje økonomisk.

6.3 Rektor og pedagogisk leiing skal ha minimum 60 studiepoeng innan leiing og dessutan ha pedagogisk bakgrunn, og bør som hovudregel ha undervisningserfaring frå same skuleslag. Tilsetjing kan skje på vilkår om å ta 60 studiepoeng i leiing innan tre år. Mellomleiarar skal ha undervisningsplikt.

6.4 Innhaldet i planleggingsdagane skal alltid drøftast med tillitsvalde, og planleggingsdagane bør fyllast med det faglege innhaldet som undervisningspersonalet meiner best styrkjer den faglege utviklinga til elevane.

6.5 Skulen treng både gode fagleiarar og leiarar med personalansvar. Skulen må ha profesjonell fagkompetanse på personalforvaltning, og personalpolitikken må byggje på eit godt partssamarbeid og vere godt kjend for dei tilsette.

6.6 Eit godt skulemiljø blir best sikra gjennom god fellesskapsbyggjande praksis knytt til fag og undervisning. Innhaldet i og arbeidsmåtane til skulefaga er sentrale faktorar for eit vellykka mobbeførebyggjande arbeid.

7. Ansvarlege skuleeigarar

Skuleeigaren må sørgje for at skulen har nok ressursar og blir driven i tråd med lov- og avtaleverk. All undervisning i skulen skal bli gitt av kompetent personale. Skuleeigar har ansvar for at alle elevar har god nok tilgang på digital læringsstøtte.

NORSK LEKTORLAG MEINER:

7.1 For at elevane skal få best mogleg opplæring, skal faglege og pedagogiske vurderingar og kravet til helse, miljø og sikkerheit liggje til grunn når gruppestorleik og gruppesamansetjing blir fastsett. For ungdomsskule og studieførebuande utdanningsprogram må gruppestorleiken ikkje overstige 24 elevar.

7.2 God rettleiing av nyutdanna krev nok tid og kvalifiserte, erfarne rettleiarar. Det må setjast av tilstrekkeleg tid og ressursar til rettleiing av dei nyutdanna.

7.3 Skuleeigaren har eit særleg ansvar for å sikre at elevane er tilstrekkeleg førebudde til å gå vidare til neste nivå i skulen.

7.4 Lærartettleik er vesentleg for å kunne gi alle elevar god tilpassa opplæring.

7.5 Skulen er eit velferdsgode for alle. Ein god offentleg skule bør vere hovudstammen i eit godt skuletilbod. Privatskular og andre opplæringsstilbod er positivt som supplement.

7.6 Skuleeigar skal sikre at kvar enkelt elev har tilgang til nødvendige ressursar som lærebøker, elevlisensar til pedagogiske pakkar og system med kunstig intelligens.

7.7 Skuleeigar må sikre at lærarane får kompetanse til å vurdere verktøy med kunstig intelligens, og at det blir sett av tid til dette.

7.8 Skuleeigarar må leggje til rette for ekskursjonar og internasjonalisering.

7.9 Når tilsette i skulen deltek i internasjonaliseringsprosjekt, må skuleeigar leggje til rette for at den tilsette kan delta, utan for stor auke i arbeidsbelastning. Ved auka arbeidsbelastning må dette kompenseras. Skuleeigar må gjere prosessen med å starte opp, delta i og få økonomisk dekning for å ta del i internasjonaliseringsprosjektet, enkel og lite byråkratisk.

Trygg arbeidsplass

Lektorar og lærarar har same rett til eit forsvarleg arbeidsmiljø som tilsette ved andre arbeidsplassar. Elevrettar må ikkje gå ut over helse, tryggleik og rettssikkerheit for dei tilsette.

NORSK LEKTORLAG MEINER:

7.10 Det viktigaste arbeidet for eit godt psykososialt miljø skjer i klasserommet. Gode klassemiljø og målretta arbeid med haldningane til elevane er sentralt for å motarbeide mobbing. Arbeidet for trygge og gode læringsmiljø må omfatte alle, inkludert elevar med stort læringspotensial.

7.11 Aktivitetsplikta mot mobbing krev kompetanse, særleg hos skuleleiinga. Tilsette må få opplæring i å avdekkje og handtere mobbing, diskriminering og andre krenkingar.

7.12 Lovverket må vareta undervisarar si rettssikkerheit betre i elevsaker. Ved skuldingar mot ein lektor eller lærar må saksinnsyn, kontradiksjon og saksgang gjennomførast utan ugrunna opphald.

7.13 Vald og truslar i skulen er eit alvorleg arbeidsmiljøproblem som må førebyggjast betre. Skuleleiinga må gi tilsette nødvendig opplæring, ha oppdaterte risikovurderingar og beredskapsrutinar og gjennomføre praktiske øvingar for personalet.

7.14 Alle ulykker og valdshendingar skal avviksmeldast. Straffbare handlingar skal politimeldast, og ansvaret ligg hos skuleeigaren og skuleleiinga.

7.15 For å sikre at skulen er ein trygg arbeidsplass, bør elevar i vidaregåande skule som utviser åtfærd til skade for tilsette og medelevar, lettare kunne bli fråtekne vanleg skuleplass.

8. God skulekvalitet i heile landet

Alle elevar har rett til ei fullverdig grunnopplæring. Eit heilskapleg kunnskapssystem for skuleforskning er nødvendig for å sikre eit høgt fagleg nivå i norsk skule.

NORSK LEKTORLAG MEINER:

8.1 Norsk skule treng eit heilskapleg kunnskapssystem som kan gi betre skuleforskning. Andelen kvantitative forskingsbidrag må aukast. Utdanningsforskning bør samanfattast og formidlast til praksisfeltet, m.a. gjennom utvikling og forvaltning av eit utdanningsbibliotek for skulesektoren.

8.2 Norsk skule skal ha eit høgt fagleg nivå. Nasjonale prøvar, skulebidragsindikatorar og internasjonale komparative studiar av kvalitet i skulen er viktige i den offentlege diskusjonen om skulen. Målingar av skulekvalitet bør òg måle effekten av kompetansen til undervisningspersonalet.

8.3 Kvalitets- og avvikssystem som fangar opp timekutt, mangel på kvalifiserte lærarar, bruk av ufaglærte, lærarause timar, uforsvarlege arbeidsforhold o.l., må takast i bruk i skulen.

8.4 Når opplæring blir gitt som fjernundervisning, må skuleeigar vere særskilt merksam på å sikre læringsmiljøet til elevane og arbeidsmiljøet til dei tilsette. Bruk av fjernundervisning må respektere lov- og avtaleverk, arbeidstidsavtalen og elevar sin rett til minste timetal i fag.

8.5 Kunstig intelligens vil få ein utvida plass både i skulen og i samfunnet elles. Skuleeigar må sikre at alle elevar i skulen har same tilgang til digitale verktøy.

8.6 Digitale verktøy, inkludert kunstig intelligens, må ikkje brukast eller implementerast i skulen på ein måte som står i vegen for elevar si sjølvutvikling og tileigning av sjølvstendige kognitive ferdigheiter.

8.7 Kvar fylkeskommune må ha tilbod for elevar på vidaregåande skule, slik at dei kan ta ein del av opplæringa si i utlandet. Alle lektorar og lærarar for vg3-klassar må kunne reise på fagekskursjon til utlandet med klassen sin når dei ser det som formålstenleg ut frå eit lærings- og danningperspektiv.

9. Vurdering

Vurdering skal bidra til læring og fortelje kva eleven kan. Lærestoff og undervisningsopplegg må sikre elevane føreseielegheit og objektivitet i vurderinga. Faglæraren skal vurdere om rammer og grunnlag for standpunktvurdering er forsvarlege. Det er viktig å sikre at faglærar er godt kvalifisert, og at det blir gitt tilstrekkeleg tid til vurderingsarbeidet og eit tilbod om etterutdanning innanfor vurdering. Eksamen er ein viktig del av vurderingsarbeidet, og sentrale styresmakter og skuleeigar må gjennom tilstrekkelege tidsrammer og godtgjering leggje til rette for at høgt kvalifiserte undervisarar tek på seg sensorarbeid.

NORSK LEKTORLAG MEINER:

9.1 Elevane skal vurderast i fagkunnskap og ferdigheiter av ein lærar med kompetanse i undervisningsfaget. Elevane skal ikkje vurderast etter sosiale og emosjonelle ferdigheiter. Ved vurdering av tverrfaglege tema og ved tverrfagleg eksamen skal faglæraren berre vurdere kompetanssmål i eige fag. Vurderingssystema må hindre at rektorar, skuleeigarar eller styresmakter kan utøve press for at faglærarar og sensorar skal la elevar bestå.

9.2 Skal det vere grunnlag for vurdering, må elevane vere til stades og delta aktivt i opplæringa. Dette gjeld i grunnskulen òg.

9.3 Karakterar rettleier elevane om fagleg nivå og progresjon og er ein naturleg del av undervegsvurderinga der undervisaren finn det formålstenleg.

9.4 Karakterar i orden og åtferd er eit nødvendig verktøy for å kunne korrigere uakseptabel åtferd.

9.5 Undervisarane sin autonomi over vurderingssystemet har svært mykje å seie for god vurdering. Skal elevane få gode tilbakemeldingar og ha godt læringsutbytte, må lektorar og lærarar jamleg få høve til å vidareutvikle og forbetre vurderingskompetansen sin.

9.6 Nasjonale og lokale retningslinjer for standpunktvurdering må sikre at den faglege vurderinga til lærarane i seg sjølv er svært tungtvegande. Det må komme fram av slike retningslinjer at det berre er grove feil, inhabilitet eller andre alvorlege avvik som kan føre til karakterjustering ved klage.

9.7 Norsk skule har store variasjonar i vurderingspraksis og treng meir kompetanseheving på fagnivå for at undervisningspersonalet sin vurderingskompetanse i faga skal vidareutviklast.

9.8 Nye sensorar bør som minimum ha ført minst to kull gjennom faget i skuleslaget sitt.

9.9 Det bør vere jamleg utskifting av medlemmer i fagnemnder for sentralt gitt skriftleg eksamen. Maksimal funksjonstid bør som hovudregel ikkje overstige 7 år.

Like rammer for vurdering

Eksamens- og vurderingssystema i norsk skule må vere pålitelege og sikre at elevane blir vurderte på likt grunnlag, og at kvar elev blir vurdert ut frå dei faktiske kunnskapane og ferdigheitene sine i faget.

NORSK LEKTORLAG MEINER:

9.10 Eksamen skal behaldast i norsk skule. Kvaliteten på eksamen blir sikra ved ekstern sensor. Ungdomsskulen og studieførebuande utdanningsprogram skal avsluttast med sentralt gitt skriftleg eksamen med ekstern sensur. Både ungdomssteget og vidaregåande skal avsluttast med munnleg eksamen i minst eitt fag.

9.11 Skriftleg avgangseksamen i grunnskule og vidaregåande skule må ha like rammer for eksamensgjennomføring. Ein strengare og meir straumlinjeforma hjelpemiddelkontroll har blitt nødvendig for å kunne sikre ei likeverdig vurdering av kompetansen til elevane, med tilkomsten av ulike former for kunstig intelligens òg.

9.12 Eksamensordningane skal ha oppgåvetypar som gjer det mogleg for elevar på alle nivå å vise kunnskap og ferdigheiter. Todelt skriftleg eksamen, med og utan hjelpemiddel, kan best måle kompetanse på alle nivå, og bør innførast i alle fag der det er mogleg.

9.13 Både standpunktvurdering og alle eksamensformer skal vere ei individuell vurdering av eleven sine kunnskapar og ferdigheiter i faget. Eksamensordningar og oppgåveutforming må sikre at det er eleven sjølv som får vist dei faktiske kunnskapane og ferdigheitene sine i faget. Eksamen må derfor organiserast slik at bruk av kunstig intelligens er teknisk utelukka.

9.14 Nasjonale vurderingskriterium og -normer for både eksamens- og standpunktkarakterar må bli meir presise. Lokalgitt eksamen treng tydelege nasjonale retningslinjer.

9.15 Mappevurdering kan inngå i undervegsvurderinga der faglæraren finn det eigna, men kan ikkje erstatte eksamen.

10. Tilpassa opplæring for alle

Alle elevar skal ha reell rett til tilpassa opplæring av kvalifiserte faglærarar. Alle elevar, inkludert elevar i vidaregåande skule, må få rett til forsterka opplæring når dei heng etter normal progresjon. I vurderingar om tilpassing og tilrettelegging må ein leggje vekt på det som er best for elevane. Elevar skal ikkje skjermast unødige frå utfordringar som kan opplevast som vanskelege eller ubehagelege, viss desse kan bidra til at elevane veks og utviklar seg.

NORSK LEKTORLAG MEINER:

10.1 Tilpassa opplæring og vedtak om spesialundervisning må innrettast slik at det er reelt mogleg å gjennomføre i undervisningskvardagen.

10.2 Gruppestorleikar er ein viktig føresetnad for tilpassa opplæring, og det må bli gitt større høve til inndeling i mellombelse smågrupper for å sikre læring for alle.

10.3 Alle elevar skal ha faglærte undervisarar. Moglegheita til å bruke ufaglærte i unntakstilfelle må fjernast.

10.4 Skuleeigaren si moglegheit til å la vere å følgje sakkunnig tilråding om spesialundervisning må innskrenkast.

10.5 God tilpassa opplæring for alle krev at læreplanane for faga inneheld differensierte progresjonsbeskrivingar som støttar undervisaren sitt arbeid for å tilpasse undervisninga til elevar med ulikt læringspotensial. Lektorar og lærarar på alle trinn må kunne bruke organisatorisk differensiering der dei finn det pedagogisk formålstenleg.

10.6 Alle elevar må ha reell rett til tilpassa opplæring. Kompetansekrav for å undervise i alle fag vil vere avgjerande for om skulen er i stand til å leggje til rette for alle elevar.

10.7 Det bør stillast krav til skulen og skuleeigar om at tilretteleggingar som lektor eller lærar blir pålagt å utføre for elevar med ulike utfordringar, er kunnskapsbaserte. Det bør med bakgrunn i forskning gjerast tydeleg kva som skal til for at lærarar skal gjere tilretteleggingar.

10.8 Skulen bør få ein modell på tre nivå med tilpassa undervisning, forsterka opplæring og spesialundervisning. Modellen må gjelde gjennom heile opplæringsløpet og fange opp elevar som ikkje følgjer progresjonen i læreplanane. Kompetanseutvikling og rettleiing av lærarar tek tid og må takast med i tidsressursfordelinga til skulen. Hjelpeapparatet rundt elevane må bruke språk og terminologi som føresette og eldre elevar òg kan forstå.

10.9 Elevar med særskild norskopplæring må få rett og plikt til å dokumentere kva dei har lært gjennom ein standardisert norskprøve. Omgrepet «tilstrekkelege norskferdigheiter» må definerast tydeleg i regelverket, og dei som gir særskild norskopplæring, må ha relevant fagkompetanse.

10.10 Det bør innførast felles reglar om at elevar som følgjer ordinært løp i vidaregåande skule, har B1-nivå i norsk, slik at dei kan følgje undervisninga og kommunisere med lærarar og medelevar.

10.11 Gode fagmiljø må ha ein viss storleik. Når støttetjenesta til skulen blir desentralisert, må fagmiljøa sikrast gjennom etablering av kommunale, regionale og nasjonale fagnettverk.

11. Læremiddel på premissane til faga

Godt utvikla læremiddel er nødvendige verktøy i undervisninga. Undervisaren skal ha reell påverking på val og bruk av digitale læremiddel og trykte lærebøker. Læremidla må ikkje vere utdaterte.

NORSK LEKTORLAG MEINER:

11.1 Skuleeigarar må øyremerkje nok midlar til innkjøp av læremiddel. Digitale læremiddel må berre brukast der dei blir vurderte å vere best fagleg eigna, og skal ikkje brukast som eit middel for innsparing. Skuleeigarar som ikkje set av nok midlar til innkjøp av læremiddel, i papirform og digitalt, forsømmer ansvaret sitt.

11.2 Faglærarar må ha reell påverking på innkjøp av læremiddel og læringsressursar på skulen. Dette må ikkje undergravast gjennom pålegg om bruk av opne ressursar som NDLA.

11.3 Styresmaktene må utvikle kvalitetskriterium for læremiddel i alle fag. Opne læremiddel eller læringsressursar må tilfredsstille dei same kvalitetskriteria som kommersielle læremiddel.

11.4 Statlege styresmakter og skuleeigarar må ta ansvar for at det finst eit breitt tilbod av gode utviklingsmiljø for norskspråklege digitale og analoge læremiddel.

11.5 Skuleeigarar som sjølv vil utvikle læremiddel eller læringsressursar, må setje av tilstrekkelege ressursar, avklare opphavsrett og sikre at læremidla møter anerkjende kvalitetskriterium.

11.6 Faglæraren må sjølv styre utarbeiding, bruk og eventuell deling av undervisningsopplegg. Kvalitetskrav må varetakast ved organisert deling av lærarproduserte læremiddel og.

11.7 Ei felles digital teneste for vurdering av læremiddel, basert på kvalitetskriterium, kan styrkje og utvikle profesjonaliteten når faglærarar skal tilrå innkjøp av læremiddel til skulen.

11.8 Dersom digitale verktøy med kunstig intelligens blir tekne i bruk, må alle elevar og lærarar sikrast lik tilgang til slike ressursar.